



Notat

Dato: 14.12.2016
Arkivsak: 2014/15115-85
Saksbehandlar: monsera

Til:	Hans-Christian Engum
Frå:	Silje Øvrebø Foyen, Gunnbjørg Austrheim, Inger Lena Gåsemyr, Monika Serafinska, David Aasen Sandved

Kulturminnefagleg fråsegn - E39 Stord – Os - Statlig kommunedelplan med konsekvensutgreiing - offentlig ettersyn

Forslag til vedtak

1. Fylkesutvalet vil tilrå alternativ B. Dette er vurdert til å ha minst negativ konsekvens for kulturminne og kulturmiljø. Varianten med senketunnel gjennom Bårdsundet på Tysnes vert tilrådd, då denne løysinga vil få minst negative konsekvensar i høve nasjonale kulturminneverdiar.
2. Fylkesutvalet vurderer alternativ F som nest best og alternativ E som nest dårlegast.
3. fylkesutvalet rår sterkt i frå Alternativ D grunna store negative konsekvensar for nasjonale kulturminneverdiar.
4. Fylkesutvalet rår til at dei arkeologiske undersøkingane vert utført så tidleg som mogeleg i planprosessen.

Planprosess og medverknad

Det har vore god dialog og informasjonsflyt mellom Fylkeskonservatoren og Statens vegvesen i høve kulturminneinteressene i planprosessen. Det interaktive kartet som syner ulike miljøtema har vore eit nyttig og godt verktøy til å få oversikt over kulturminneverdiane.

Konsekvensutgreiing

Effektmål/premiss fastsatt i planprogrammet er mellom anna å velje «ei løysing som gir minst mogleg negative verknader for naturmangfald, friluftsområde og kulturminne». Ein ser at dette er prioritert, då *Delrapport 4:Kulturmiljø* er fagleg særst godt utgreia. Det er gjort grundig arbeid i høve gjennomgang av tilgjengeleg kjeldemateriale, synfaringar og registreringar av kulturmiljø. Konsekvensutgreiinga (KU) har ei omfattande skildring av kulturminner og kulturlandskap innafør planområdet og influensområdet og det er gjort gode verddivurderingar av kulturmiljøa. Det er gjort ei samla vurdering av kva alternativ som er dårlegast og kva alternativ som er best for kulturmiljøa i området. Delrapporten er difor eit godt kunnskapsgrunnlag for vurdering av kva konsekvensar dei ulike alternativa vil få for kulturminneinteressene. Den vil og vere eit godt grunnlag for lokal, regional og nasjonal kulturminneforvaltning. I

konsekvensutgreiinga kjem det fram at det er manglande dokumentasjon og registrering av nyare tids kulturminne og kulturlandskap innafør planområdet, og det er difor trong for nye registreringar.

Kulturminne og kulturmiljø

Hordaland fylkeskommune har vurdert saka som regional sektorstyresmakt innan kulturminnevern. Fylkesrådmannen ber om at regional kulturplanen vert teken med som referansegrunnlag i planomtalen. Sjå nettsida: <http://www.hordaland.no/Hordalandfylkeskommune/Kultur/kulturplan/>.

Fylkesrådmannen er i hovudsak samd med vurderingane som er gjort i konsekvensutgreiinga for kulturminne og kulturmiljø. Vurderingane i KU er basert på linjeføringa til veggen, som ligg føre. Dette er ei linje som kan verte endra på reguleringsplannivå. Hordaland fylkeskommune vurderer kulturminneinteresser ut frå linjeføringa av veggen og den 200 meter breie vegkorridoren i kommunedelplanen.

I konsekvensutgreiinga er det gjort ei vurdering av potensialet for funn av automatisk freda kulturminne i områda som vert direkte råka av tiltaket. Det er gjort greie for avbøtande tiltak for dei råka kulturmiljøa både i anleggsperioden og i den permanente situasjonen. Fylkesrådmannen ber om at dette får høg prioritet.

Tilrådd vegalternativ i konsekvensutgreiinga

Alle vegalternativa fører med seg negative konsekvensar for nasjonalt og regionalt viktige kulturminne og kulturmiljø. Konsekvensutgreiinga har difor sett på kva alternativ som råkar færrest kulturmiljø og på ein minst negativ måte. Alternativa B og F har fått best rangering. Største utfordringa for desse alternativane er vegline med bru gjennom kulturmiljøet ved Bårdsundet i Tysnes. Alternativ B er rangert som betre enn F, då alternativ F har større konflikt med kulturminneinteresser på Stord og Tysnes. Alternativ E er rangert som nest dårlegast. Dette alternativet får særst stor negativ konsekvens for kulturminne og kulturmiljø på Støle/Søreid og Sæ på Tysnes. Alternativ D er rangert som det dårlegaste alternativet, med stor og særst stor negativ konsekvens for kulturmiljø gjennom Uggdalsdalen og nordover opp til Ersvær/Brattetveit på Tysnes.

Ut frå ei slik rangering er alternativ B tilrådd som beste vegalternativ for deltema kulturmiljø i konsekvensutgreiinga, og vurderingane støtter slik opp under Statens vegvesen sitt tilrådde forslag.

B2 er ei *variant* av alternativ B, med senketunell under Bårdsundet i staden for dagline og bru. B2 er ikkje rangert i konsekvensutgreiinga då det er ein variant. I konsekvensutgreiinga står det at dersom B2 hadde vore eit eige alternativ hadde det vore rangert over alternativ B og F.

Omsynssoner

Plankarta manglar omsynssone for kulturminne og kulturmiljø av nasjonal og regional interesse. Fylkesrådmannen ber om at alle kulturminne, som er automatisk freda, jf. § 4 i kulturminnelova, og nyare tids kulturminne med høg verdi og regional interesse, vert vist på plankart med omsynssone H730 og H570. Dette gjeld blant anna dei automatisk freda kulturminna ved Bårdsundet, Uggdalsdalen, Sæ/Søreid og Myklestad i Tysnes kommune.

Føresegner og retningslinjer

Framlegg til føresegnar og retningslinjer tar i hovudsak godt vare på kulturminneinteressene.

Føresegn § 2-5-1 Omsynssone for kulturmiljø må òg gjelde for arkeologiske kulturminne. Fylkesrådmannen ber difor om at denne føresegna vert endra til:

«Kulturminne, kulturmiljø og kulturlandskap skal vera ein integrert del av planlegging og søknad om tiltak. Det skal visast til korleis ein har søkt å ivareta dette gjennom planforslag og plantiltak. Tilhøve til automatisk

freda kulturminne må avklarast i reguleringsplanfasen. Område som skal takast vare på, skal leggest inn som omsynssoner.»

Kulturhistoriske undersøkingar

Hordaland fylkeskommune varslar at det må utførast arkeologiske undersøkingar, jf. § 9 i kulturminnelova. Dette gjeld både på land og i sjøareal.

Med omsyn til prosessar i planlegging og vedtak vil det vere ei stor føremon å få gjennomført arkeologiske og marinarkeologiske registreingar så tidleg som mogeleg. Eventuelle kulturminneverdiar er slik avklart før reguleringsplanen vert ferdigstilt. Vedkomande området har ei stor utstrekning, og potensialet for funn, av hittil ukjende forhistoriske kulturminne er generelt høgt i Os, Tysnes og Stord.

For å sikre ei god og føreseieleg framdrift, og unødvendige forseinkingar i planprosessen vil Fylkesrådmannen rå til at den arkeologiske og marinarkeologiske registreringa vert gjort før reguleringsplannivå. Dersom tiltakshavar ønskjer å komme i gang med arkeologisk registrering i 2017, må Hordaland fylkeskommune og Bergens Sjøfartsmuseum få tilbakemelding om dette. Hordaland fylkeskommune og Bergens Sjøfartsmuseum vil deretter ta stilling til omfang og type undersøkingar som trengs, jf. § 9 i kulturminnelova. Ut i frå dette utarbeidast det kostnadsoverslag, jf. nasjonal standard for budsjettering. Bergens Sjøfartsmuseum ber tiltakshavar om å ta kontakt i forkant av kartlegging av sjøbotn slik at Sjøfartsmuseet kan vurdere eventuell deltaking i kartlegginga.

Dersom § 9 undersøkingar skulle påvise nye funn av automatisk freda kulturminne som kjem i konflikt med val av vegtrase, må saka handsamast av Riksantikvaren som dispensasjonsmynde etter kulturminnelova.

Vurdering av alternativ

Det er definert 57 kulturmiljø innafor plan- og influensområdet til ny E39, som har relevans for konsekvensutgreiinga. Under er ei oppsummering av vegalternativa og kva konsekvensar vegalternativa har på kulturmiljø og automatisk freda kulturminne. Der automatisk freda kulturminne kjem innafor byggjegrænse til vegkorridorane i kommunedelplanen, vert det oppfatta som konflikt. Verdivurdering og negative konsekvensar er i stor grad basert på konsekvensutgreiinga (sjå tabell 1).

Bru over Bjørnafjorden

Alle vegalternativa inneberer kryssing av Bjørnafjorden med bru. Denne løysinga vil medføre store fysiske inngrep på Reksteren i Tysnes kommune og på Søre Øyane i Os kommune. Ilandføring av brua vil kome i direkte konflikt med det militærhistoriske anlegget på Svarvhella og med kulturmiljøet ved Kobbavågen. Uansett kva for eit alternativ for kryssing av fjorden er valt, vil brua virke visuelt skjemmande på kulturmiljøa og kulturlandskapet rundt Bjørnafjorden.

Alternativ B

Alternativ B får negative konsekvensar for 23 kulturmiljø, kor 5 av desse har stor verdi og 9 har middels til stor verdi. Tiltaket vil få stor negativ konsekvens for kulturmiljø på Mehammar på Stord og Nese, Kongsvik og Bårdsundet aust på Tysnes. Tiltaket vil få særstort negativ konsekvens for kulturmiljø ved Bårdsundet vest. Tunnelløysing frå Søre Øyane til Moberg i Os kommune vil kome i konflikt med kulturmiljøet ved Kobbavågen, og vil påverka kulturmiljøet ved Røtinga og Moberg/Kuven.

Automatisk freda kulturminne

- *Øydegard frå mellomalder på Agdestein, Stord*

Like ovanfor planlagd vegkorridor ligg ein automatisk freda øydegard frå mellomalder. Vegen vil verke særskjemmande på dette kulturminnet. Her er det stort potensial for funn av førhistoriske kulturminne.

- *Gravrøysar frå bronse- og jernalder ved Bårdsundet, Tysnes*

Den største utfordringa med alternativ B er vegtrase med bru over eit nasjonalt viktig kulturmiljø ved Bårdsundet (sjå kart 1). Verdien til desse kulturminna er i konsekvensutgreiinga satt til særsk stor, dvs. nasjonal verdi. På baa sider av sundet ligg det ei stor samling gravrøysar frå bronse- og jernalder. Dette er eit av Tysnes sine fornminneområde med høgast kulturminneverdi. Kulturminna er meir eller mindre uforstyrta av moderne aktivitet og har stor autentisitet og tidsdjupne. Kryssing av Bårdsundet med bru i dagen og store vegskjeringar er i KU vurdert til å ha særsk stor negativ konsekvens på kulturminna. Traseen kjem ikkje i direkte konflikt med kulturminna, men ei firefelts motorveg vil skjemma kulturmiljøet i sterk grad. Det er særdeles høgt potensial for nye funn i området ved Bårdsundet, både gravminne og steinalderbuplassar.

Fylkesrådmannen vil rå ifrå ei dagløyising over Bårdsundet.

Variant B2 med tunell

Ei tunell under Bårdsundet er beste løysing. I konsekvensutgreiinga er tunell vurdert til å få ubetydelig konsekvens for kulturminne ved Bårdsundet.

Alternativ D

Alternativ D får negative konsekvensar for 25 kulturmiljø, kor 9 av desse har stor verdi og 8 av har middels til stor verdi. Tiltaket vil få stor negativ konsekvens for desse kulturmiljøa: Mehammar på Stord, Ersvær/Brattetveit, Botnen/Nordbustad og To/Rolse på Tysnes, Kvaesundet og Kobbavågen i Os. Alternativ D gjennom Uggdalsdalen og med toplanskryss i Uggdal vil få særsk store negative konsekvensar for kulturmiljø på Vollane, Gjellefall, Opdal og Reiso/Myklestad i Tysnes kommune. Val av dette alternativet vil også påverka kulturmiljøa ved Røtinga og Moberg/Kuven i Os kommune.

Automatisk freda kulturminne

- *Øydegard frå mellomalder på Agdestein, Stord*

Vegalternativet kjem i konflikt med øydegarden frå mellomalderen som er automatisk freda (sjå kart 2).

- *Førhistorisk kulturmiljø på Vollane i Uggdalsdalen, Tysnes*

Av alle trasealternativ er det veglinje gjennom Uggdalsdalen som er særleg konfliktfylt. I Uggdalsdalen ligg eit av Vestlandets viktigaste kulturminneområde, og dei automatisk freda kulturminna her står i ei nasjonal særstilling. Vegkorridoren kjem i konflikt med eit automatisk freda gravfelt med over 40 gravminne og kjem tett på eit øydegardsanlegg frå jernalder, i tillegg til eit eldre vegfar. Det gamle vegfarete, som har gått gjennom heile dalen og med vad over elva, kan vere eit av Hordalands eldste vegfar (sjå kart 3).

Fylkesrådmannen rår difor ifrå vegalternativ D. Ny E39 gjennom den smale dalen vil verke sterkt negativt inn på førhistoriske kulturminne av nasjonal verdi. Kulturminna har stor autentisitet og i tillegg vil opplevingsverdien verte øydelagt. Potensial for nye arkeologiske kulturminne, som gravminne og busetnadsspor, er vurdert til å vere særleg høgt i Uggdalsområdet.

- *Kvaesund hamneområde, Os*

Hamneområde er eit automatisk freda marinarkeologisk kulturminne knytt til handelssteden Kvaesund. Den automatisk freda sikringssone til kulturminnet ligg delvis innanfor byggegrense til den 200 meter breie

vegkorridoren for vegalternativet D. Vegen vil komme i konflikt med hamneområdet som er ein del av det viktige kulturlandskapet ved Kvaesund.

Alternativ E

Alternativ E får negative konsekvensar for 26 kulturmiljø, kor 7 av desse har stor verdi og 9 har middels til stor verdi. Tiltaket vil få stor negativ konsekvens for kulturmiljø på Mehammar på Stord og Nese, Kongsvik, Ersvær/Brattetveit og To/Rolse på Tysnes. Vegtrase vil få sær store negativ konsekvens for kulturmiljø av stor verdi på Støle/Søreid, Sæ og Reiso/Myklestad i Uggdal i Tysnes kommune. Her vil ny veg gå rett gjennom kulturmiljøa og vil øydelegge eldre bygningsmasse og store delar kulturlandskapet. Val av dette alternativet vil også kome i konflikt med kulturmiljøet ved Kobbavågen, og vil påverka kulturmiljøa ved Røtinga og Moberg/Kuven i Os kommune.

Automatisk freda kulturminne

- *Førhistoriske gravminner på Sæ og Søreid, Tysnes*

Alternativ E kjem i konflikt med kjente arkeologiske kulturminner på garden Sæ og Søreid. Her er det bevart førhistoriske gravrøysar, der 3 av dei kjem i konflikt med vegkorridoren (sjå kart 4). Alternativet får sær store negative konsekvensar for dei automatisk freda kulturminna her og kulturmiljøet generelt, som har stor tidsdjupne og eit velhalden kulturlandskap med fleire kulturspor. Det er stort potensial for å nye funn av arkeologiske kulturminner fleire stader i dette området, både busetnadsspor frå bronse-, jarn eller mellomalder, i tillegg til steinalderbuplassar.

- *Arkeologiske kulturminner på Myklestad, Tysnes*

Vegkorridoren med toplanskryss på Myklestad/Reiso i Uggdal kjem tett på fleire kulturminne frå førhistoriske tid på Myklestad i Uggdal (sjå kart 5). Aust for Uggdal mellomalderkyrkjestad er det registrert ei hustuft frå jarnalder, to førhistoriske gravrøysar, ulike busetnadsspor frå eldre bronsealder til jarnalder, som kokegropfelt, stolpehol og dyrkingslag. Området er automatisk freda og er i gjeldande plan for Uggdal omsorgssenter regulert til omsynssone c) vern av kulturmiljø og d) bandlegging etter kulturminnelova. Det automatisk freda kulturminnet kjem i nærføring til grensa for vegkorridoren. Vegkorridoren vil og gå like aust for ei automatisk freda gravrøys på Bjørkestølen. Alternativ E kan verke skjemma på det samla kulturmiljøet.

Alternativ F

Alternativ F får negative konsekvensar for 22 kulturmiljø, kor av 7 har stor verdi og 7 har middels til stor verdi. Konsekvensane for alternativet er vurdert til sær store, då ny E39 vil råke kulturmiljø av stor verdi på Støle og Søreid på Tysnes. Alternativet vil og verke visuelt skjemma på førhistoriske og historisk kulturmiljø på Sæ. I Os kommune vil alternativ F kome i konflikt med kulturmiljøet ved Kobbavågen, og vil påverka kulturmiljøa ved Røtinga og Moberg/Kuven.

Automatisk freda kulturminne

- *Førhistoriske gravrøysar ved Bårdsundet, Tysnes*

Alternativet har same utfordringar i høve kulturminneverdiane ved Bårdsundet som alternativ B.

- *Førhistoriske gravminner på Sæ og Søreid, Tysnes*

Her er det bevart 6 førhistoriske gravrøysar, der 3 av dei kjem i konflikt med vegkorridoren (sjå kart 6). Alternativet vil få store negative konsekvensar for dei automatisk freda kulturminna her og kulturmiljøet generelt, som har stor tidsdjupne og eit velhalden kulturlandskap med fleire kulturspor. Det er stort potensial for å nye funn av arkeologiske kulturminner fleire stader i dette området, både busetnadsspor frå bronse-, jarn eller mellomalder, i tillegg til steinalderbuplassar.

- *Øydegard frå mellomalder på Agdestein, Stord*
Alternativet kjem i konflikt med øydegarden frå mellomalderen som er automatisk freda.

Tilråding og konklusjon kulturminne

Alle trasealternativa får negative konsekvensar for kulturminne og kulturmiljø med regional og nasjonal verdi.

Hordaland fylkeskommune har tidlegare omtalt dei store kulturminneverdiane i Bårdsundet og Uggdalsdalen. Alternativ B og F har utfordring i høve nasjonale kulturminneinteresser ved Bårdsundet. Alternativane som går over Bårdsundet unngår direkte konflikt med kulturminneverdiar, men traseane vil likevel skjemme kulturminna i stor grad. Ei tunnelloysing vil vere det beste alternativet ved Bårdsundet. Det er særleg høgt potensial for nye arkeologiske funn i området ved Bårdsundet. Alternativ B får minst negativ konsekvens for øydegardsanlegg frå mellomalder ved Agdestein på Stord, medan alternativ F rårer dette kulturminnet, i tillegg til store negative konsekvensar for automatisk freda kulturminne og historisk kulturmiljø på Sæ/Søreid på Tysnes.

Konsekvensutgreiinga tilrår vegalternativ B som beste løysing for kulturminne og kulturmiljø. Fylkesrådmannen er samd i tilråding av alternativ B, som ser ut til å medføre minst konsekvensar for kulturmiljø

Alternativ D er vert vurdert som det dårlegaste alternativet og alternativ E som det nest dårlegaste. Alternativ E får store negative konsekvensar for automatisk freda kulturminner og historisk kulturmiljø på Sæ/Søreid og kjem tett på fleire førhistoriske kulturminne på Myklestad, Tysnes. Alternativ D får stor og særleg stor negativ konsekvens for eit av Tysnes og Vestlandets viktigaste kulturminneområde. Vegalternativet kjem i konflikt med automatisk freda kulturminne av nasjonal verdi og tiltaket vil ha særleg stor negativ konsekvens for heile det førhistoriske kulturmiljøet i Uggdalsdalen, i tillegg til kulturmiljø med stor verdi på Stord, Tysnes og Os. Potensial for nye arkeologiske kulturminne, som gravminne og busetnadsspor, er vurdert til å vere særleg høgt i Uggdalsområdet

Alternativ D og dagløysing med vegen over Søre Øyane i Os kommune vil ha særleg negativ verknad på det urørte landskapet. Det er stort potensial for nye funn av kulturminne, særleg steinalderbuplassar.

Fylkesrådmannen rår ifrå alternativ D og E på grunnlag av særleg høgt konflikt med kulturminneverdiar.

Vedlegg:

1. Kulturminne - vedlegg 1 - tabell
2. Kulturminne - vedlegg 2 - kart